

Melding om fusjon av morselskapet Kveik AS med det heileigde dotterselskapet Vangen Eiendom AS

Vangen Eiendom AS er er utelukkande eit eigedomsselskap som eig eigendommen Kveik AS har leigd, og har hatt som kontoradresse dei siste sju åra. Kveik AS har hatt opsjon på kjøp av eigendommen, og har no kjøpt den. Av praktiske og skattemessige årsaker ynskjer ein å fusjonere Kveik AS og Vangen Eiendom AS.


Som aksjeeigar i selskapet Kveik AS vert de med dette orientert om at styra i selskapa Kveik AS og i det heileigde dotterselskapet Vangen Eiendom AS har utarbeid ein fusjonsplan.

Styra vedtok samanslåinga (fusjonen) av selskapa på styremøta den 27.10.2014 i Kveik AS og den 27.10.2014 i Vangen Eiendom AS.

Vedlagt følger fusjonsplanen utarbeid av styra i selskapa som deltek i fusjonen. Siste årsregnskap, årsberetning og revisjonsberetning for henholdsvis selskapa Kveik AS og Vangen Eiendom AS er lagt ut til ettersyn for aksjeeigarane i selskapa på Kveik AS sitt forretningskontor. Aksjeeigarane kan krevje å få tilsendt siste årsregnskap, årsberetning og revisjonsberetning for Kveik AS og Vangen Eiendom AS vederlagsfritt.

Voss, 27.09.2014

Venleg helsing



Stein Kvarekvål

På vegne av styret i Kveik AS